

Bilag 1 Oppdragsgivers beskrivelse

Dette er ein førespurnad om støtte til:

1. **Å gjennomføre ei brukarundersøking** som gir kunnskap og råd til anbudet for ny publiseringsløysing.
2. **Å vere teknisk prosjektleiar for eit anbud** på ny publiseringsløysing til kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy, og Vaksdal.

Leveransar til brukarundersøking

Korleis skal vi presentere tenestene våre på ein måte som gjer at innbyggjarar og næringsliv finn fram, forstår og i størst mogleg grad kan hjelpe seg sjølv?

Vi treng meir kunnskap om behov og forventningar til kommunane, og ønskjer at prosjektleiar skal gjennomføre ei eller fleire brukarundersøkingar. Brukarreisa er sentral, og kunnskap frå undersøkingar/testar skal danne grunnlag for kriterier i anbudsprosessen og val av ny leverandør.

Tilbudet må innehalde ei skildring av metode og gjennomføring av brukartesting.

Leveransar:

- kartlegging av kva innbyggjarar/næringsliv i regionen ventar av kommunane og skildre den optimale digitale brukarreisa for innbyggjarane
- i lyset av kartlegginga, forslag til kva grep kommunane må ta for å bevege seg mot målet om eit reelt digitalt førsteval

Leveransar til anbudsprosessen

Brukarundersøkinga og innspel frå kommunane skal danne grunnlaget for anbudet til ny portalløysing for kommunane i Nordhordland.

Vi vil bruke eigen kompetanse til den kommersielle delen av dette prosjektet. Innkjøpssjefen i Lindås kommune skal vere kommersiell prosjektleiar for anbudet, og sikre at anbudet følgjer kommunane sine rutinar for innkjøp og lov om offentleg anskaffing.

Selskapet som får denne jobben skal levere teknisk prosjektleiar, og utfordre kommunane til å lage eit anbudsgrunnlag som gir ei framtidsretta og brukarvenleg portalløysing.

Leveransar/rolle

Vi ventar at teknisk prosjektleiar skal:

- utfordre kommunane til å utarbeide eit anbud, som gir ei framtidsretta og brukarvenleg portalløysing for kommunane
- kunne omsetje resultat av brukarundersøking til tekniske krav i anbudsprosessen
- bistå i vurderinga av om intranett skal vere del av anbudet
- bistå i vurderinga av om skjemaløysing skal vere del av anbudet
- sikre involvering frå alle kommunane
- koordinere prosjektet med innkjøpssjefen i Lindås kommune

- sjekke at alle strategiske val spelar på lag med nasjonale føringar frå Difi og KS
- koordinere strategiske råd og beslutningar med eit pågåande arkitekturprosjekt
- ta hovudansvaret for å samle og slutføre anbodspapira

Kompetansekrav

- ha god kjennskap til leiande teknologiar, rammeverk og publiseringsløysingar innan front-end webutvikling
- ha god kjennskap til standardar for nettbasert informasjonsutveksling
- ha god kjennskap til kva krav norske styresmakter stiller til offentlege nettløysingar
- ha god og dokumentert kompetanse på prosjektleiing for offentlig sektor
- ha god og dokumentert kompetanse på samhandling

Om konkurransen

Vi vil vurdere tilboda etter følgjande kriterier:

Kriterium		Vekting
Tilbudt ressurs skal ha kompetanse og erfaring frå tilsvarande oppdrag	Tilbudet må skildre prosessen som skal føre fram til hovudleveransane (forprosjektet og anbodsprosessen). Korleis skal de involvere kommunane? Korleis sikre at brukarperspektivet blir førande? Kva prosess legg de opp til?	50 %
Pris	Leverandøren skal oppgi timepriser på tilbudt ressurs.	25 %
Oppdragets løsningsbeskrivelse	Leverandør skal skjematisk beskrive oppdragets ulike oppgaver i en fremdriftsplan hvor estimert antall timer per oppgave skal oppgis	25 %

For så sikre at prosjektleiar for dette forprosjektet ikkje blir ekskludert frå å komme med tilbud på sjølve anbudet, inviterer vi til ei open høyring av anbodsgrunnlaget på Doffin.

Framdriftsplan (tentativ)

Milepælar	Dato
Tilbudsfrist	13. februar 2017, kl. 10:00
Val av prosjektleiar	20. februar 2017
Prosjektperiode	Mars og april 2017
Høyring på Doffin	Mai 2017
Anbudet på Doffin	Mai 2017

Kommunane i Nordhordland:

- Austrheim kommune
- Fedje kommune
- Lindås kommune
- Masfjorden kommune
- Meland kommune
- Modalen kommune
- Osterøy kommune
- Radøy kommune
- Vaksdal kommune

Frist for å kome med tilbod

Måndag 13. februar 2017